



Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/593-1

TIK-midlar 2018

Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet til å gjøre slikt vedtak:

1 Fylkestrafikktryggingsutvalet tildeler tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane i 2018 slik:

| Kommune | Tilskot 2018 (kr) |
|---|-------------------|
| Bremanger kommune | 180 000 |
| Eid kommune | 368 000 |
| Fjaler kommune | 360 000 |
| Flora kommune | 342 000 |
| Førde kommune | 320 000 |
| Gaular kommune | 75 000 |
| Gloppen kommune | 312 000 |
| Hornindal kommune | 44 000 |
| Jølster kommune | 375 000 |
| Luster kommune | 270 000 |
| Lærdal kommune | 194 000 |
| Selje kommune | 188 000 |
| Sogndal kommune | 877 000 |
| Solund kommune | 242 000 |
| Vågsøy kommune | 753 000 |
| FTU – disponible midlar «Trafikksikker kommune» | 100 000 |
| SUM | 5 000 000 |

- 2 Tiltak som får løying av Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar 2018, skal ferdigmeldast seinast 30. november 2018.
- 3 Midlar som ikkje er nytta innan fristen, går attende til fylkeskommunen. Jf. pkt. 6 e) i «Instruks for forvaltning av tilskot til Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar».
- 4 FTU – disponible midlar «Trafikksikker kommune» kr. 100 000.- skal primært nyttast til støtte til kommunar i prosessen mot «Trafikksikker kommune». Alternativt kan pengane nyttast til trafikktryggingstiltak på fylkesveg, så som bygging av fartshumper, veglys, m.m.

Vedlegg:

1. Note 1 – 5

2. Tidlegare tildelingar
3. Prosjektark (kort framstilling av søknaden, kostnader, m.m.)

Andre relevante dokument i saka:

- Søknadane fra kommunane
- Instruks for forvaltning av trafikktryggingstiltak i kommunane (TIK-midlar)
- Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021
- Regional transportplan 2018 – 2027
- Fylkeskommunal gå- og sykkelstrategi
- Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124
- Trafikktryggingshandboka

SAKSFRAMSTILLING

1 Samandrag

Vegtrafikklova § 40a pålegg fylkeskommunen eit ansvar med å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggingsarbeidet i fylket. Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er sentralt i dette arbeidet.

I 2018 er det løyvd 5 mill. kr trafikktryggingstiltak i kommunane (TIK-midlar). Statens vegvesen har i brev datert 19.09.17 orientert kommunane om søknadsfristen for TIK-midlane. Fristen var sett til 20. november 2017. Kommunane Balestrand, Hyllestad, Leikanger, Naustdal, Stryn, Vik og Årdal har ikkje søkt om TIK-midlar for 2018.

I alt har 19 kommunar søkt om TIK-midlar 2018. Samla søknadssum for 2018 er om lag 13,4 mill. kr. fordelt på 36 tiltak. Søknadane/tiltaka fordeler seg slik:

- 11 søknader gjeld bygging veglysanlegg
- 8 søknader gjeld bygging langsgåande anlegg for gåande/syklande (fortau og gang/sykkelveg)
- 4 søknader gjeld fysiske tiltak skuleområde
- 3 søknader gjeld bygging vegrekverk/sikring
- 2 søknader gjeld bygging fartsdempande tiltak
- 2 søknader gjeld planarbeid skuleområde
- 1 søknad gjeldutarbeiding ny kommunedelplan trafikktrygging
- 5 søknader gjeld andre tiltak

Tildeling av tilskot er vurdert ut i frå handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021, Regional transportplan 2018 – 2027, fylkeskommunal gå- og sykkelstrategi og Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124, samt trafikktryggingshandboka.

2 Bakgrunn for at saka er reist

Vegtrafikklova § 40a pålegg fylkeskommunen eit ansvar med å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggingsarbeidet i fylket. Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er sentralt i dette arbeidet.

Det er løyvd 5 mill. kr til tilskotsordninga *Trafikktryggingstiltak i kommunane»* (TIK-midlar) for 2018.

Statens vegvesen orienterte kommunane i brev datert 19. september 2017 om høve til å søkja på TIK-midlar 2018. Søknadsfristen var 20. november 2017. 19 kommunar har søkt om midlar.

Mandat

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er ansvarleg for fordeling av TIK-midlane til kommunane, jf. Reglement for trafikktryggingsutvalet § 3 – Oppgåver og mynde, bokstav c). Statens vegvesen er sekretariat for FTU, og har teke imot søknadane og førebudd saka.

Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin «*Instruks for forvaltning av tilskot til trafikk-tyggingstiltak i kommunane»*, er lagt til grunn ved innstilling. I pkt. 1 i instruksen går det fram at føremålet med og målgruppe for ordninga er:

«Det er føresett at midlane i hovudsak skal nyttast til trafikktryggingstiltak på kommunale og fylkeskommunale veger i samband med skuleveg og i nærmiljøet der barn ferdist. I spesielle

tilfelle kan midlane, dersom kommunen sjølv ønskjer det, øg brukast til tiltak langs riksveg. For slike tiltak vert i utgangspunktet kommunen ansvarleg for drift og vedlikehald.

Midlane kan også nyttast til planlegging av tiltak og utarbeiding av lokal trafikktryggingsplan eller andre prosjekt som FTU ønsker å støtta.»

Aktuelle plandokument

I tillegg til instruksen for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane har vi i tildelinga også teke utgangspunkt i følgjande fylkeskommunale plandokument:

- Regional transportplan, Sogn og Fjordane 2018-2027
- Regional transportplan 2018-2021 «Gå- og sykkelstrategi».
- Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021.

Regional transportplan, Sogn og Fjordane 2018-2027

I Regional transportplan, Sogn og Fjordane 2018-2027 er det lagt vekt på følgjande punkt som er relevante i samband med TIK-midlar:

Kapittel 6 Trafikktrygging:

Pkt. 6.1 Delmål:

«Sikre vegnettet i Sogn og Fjordane mot alvorlege utforkøringsulukker med auka satsing på utbygging/utskifting av rekkverk og sikring av sideterreng.»

«Legge vekt på born og unge sine behov i planlegging og utvikling av transportsystemet i Sogn og Fjordane.»

Pkt. 6.3.2 Fysiske trafikktryggingstiltak – tiltak:

«Oppsetjing av rekkverk etter dagens normalkrav langs fylkesvegar.»

Pkt. 6.5 Barn og unge sine behov:

«Gang- og sykkelvegar langs skulevegane er viktige for barna sin trafikktryggleik. Det vil også koma resten av befolkninga til gode. Tryggleiken til barna både i og utanfor transportmidla er viktige omsyn å ta i trafikktryggingsarbeidet.»

Pkt. 6.5.2: Tiltak:

«Vidareføre ordninga med tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane gjennom handlingsplan for trafikktrygging.» (Punktet ligg inne i Handlingsprogrammet 2018-2021; Tiltak 6.5.2.)

«Legge til rette for at 8 av 10 barn og unge som ikkje har rett på skuleskyss har eit trygt og godt transportsystem.» (Punktet ligg inne i Handlingsprogrammet 2018-2021; Tiltak 6.5.2)

Regional transportplan 2018-2027 «Gå- og sykkelstrategi».

Fra gå- og sykkelstrategien til Regional transportplan 2018-2021 er det lagt vekt på følgjande relevante punkt:

Pkt. 1.2.2 Nasjonal sykkelstrategi

«80 prosent av born og unge går eller syklar til skulen.»

Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging

Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok hausten 2017 (ny) fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021. Planen har 4 tematiske satsingsområde der målgruppene er til dømes unge og foreldre:

| Satsingsområde | Målgruppe |
|-----------------------|-----------------------------------|
| Sikringsutstyr | Foreldre, ungdom og eldre |
| Rusførebygging | Ungdom, foreldre, eldre |
| Trafiksikker kommune | Kommunane |
| Trafikkåtferd | Barn, ungdom og vaksne bilførarar |

Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021 er i mindre grad retta mot fysiske tiltak ute på vegen og meir retta inn mot det halddingsskapande trafikktryggingsarbeidet. Under satsingsområde Trafikkåtferd (pkt. 7.1.2) er følgjande tiltak relevant i vurderinga av tildeling TIK-midlar:

«Skape eit bilfritt miljø rundt grunnskular i fylket gjennom tiltaket: « HJERTESONER , tryggare skuleveg ». Ansvarleg for dette er m.a. kommunane.

Satsingsområde trafikksikker kommune:

I Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021 har fylkestinget vedteke eit mål om at minst 10 kommunar skal vere godkjende som trafikksikre kommunar i perioden 2018-2021, og at alle kommunane skal ha sett i gang prosessen med å bli godkjent som trafikksikker kommune.

Om 10 kommunar skal bli godkjende i perioden så tilseier dette at 2-3 kommunar må bli godkjende kvart år. Fylkesdirektøren tilrår at det vert sett av ein sum, 100 000 kroner som kan nyttast av FTU på eit seinare tidspunkt som tilskot for å støtte kommunane i arbeidet med å bli trafikksikker kommune, så som planarbeid, og liknande. Alternativt kan pengane nyttast til mindre trafikktryggingstiltak på fylkesveg, til dømes fartshumpar, veglys m.m.

3 Søknader – type tiltak

I alt har 19 kommunar søkt om TIK-midlar 2018. Samla søknadssum for 2018 er kr. 13 396 678,- fordelt på 36 tiltak. Søknadane/tiltaka fordeler seg slik:

- 11 søknader gjeld bygging veglysanlegg
- 8 søknader gjeld bygging langsgåande anlegg for gåande/syklande (fortau og gang/sykkelveg)
- 4 søknader gjeld fysiske tiltak skuleområde
- 3 søknader gjeld bygging vegrekverk/sikring
- 2 søknader gjeld bygging fartsdempande tiltak
- 2 søknader gjeld planarbeid skuleområde
- 1 søknad gjeld utarbeidning ny kommunedelplan trafikktrygging
- 5 søknader gjeld andre tiltak

Det er laga prosjektark (kortversjon av søknaden) for kvar søknad som følgjer saka som vedlegg.

Tiltak – vurdering av trafikktryggingseffekt, m.m.

I vurderinga av trafikktryggingseffekten har vi for dei av tiltaka der dette er relevant, teke utgangspunkt i Statens vegvesen sine *handbøker* og *Trafikksikkerhetshåndboka (TØI)*.

Handbøkene og Trafikksikkerhetshåndboka opplyser noko om pårekneleg trafikktryggingseffekt av ulike typar fysiske tiltak. Dette gjeld effekten av veglysanlegg, rekerverk, fartsdempande tiltak, m.m.

Tildeling - kriteria

I innstillinga er det gjort framlegg om tildeling av heile løyvinga på 5 mill. kr. Følgjande kriterium er lagt til grunn:

- Tiltak må stetta krava for tilskot i gjeldande instruks for TIK-midlar
- Trafikktryggleikseffekten av tiltaket
- Totalkostnad for tiltaket
- Sum av tildelt tilskot dei siste 5 åra

Det varierer mykje kor store tilskot TIK-midlar dei einskilde kommunane har motteke dei siste åra. Ulikskapen i tilskot kan skuldast kommunane sin ulike praksis med tanke på årlege søknader kontra meir sporadiske søknader, trafikktryggingseffekten av tiltaket, og om tiltaket stetta føremålet i instruksen, eller ikkje.

I framlegget til fordeling er kommunen sin storleik i folketal noko vektlagt ved elles nokså «likeverdige» tiltak. Dette fordi større kommunar har fleire skuleborn, og såleis gjerne også fleire skuleområder og fleire/lengre skulevegar å sikra. TIK-ordninga er nettopp retta særskilt mot tryggleiken for skulebarn, jf. både gjeldande instruks, og den tidlegare nemninga «Aksjon Skuleveg».

Det er òg med i vurderinga at flest mogeleg kommunar får ta del i ordninga. Dette fordi vi trur at TIK-tilskota bidreg til at kommunane opprettheld fokus på trafikktryggingsarbeidet, og motiverer til innsats.

Frå 2014 vart det opna opp for å auka tilskotsandelen til inntil 75 pst. Men då ramma for løyvinga held same nivået som tidlegare, har ein for nokre tiltak lagt 60 % til grunn. Bruk av 60 % gjer at fleire tiltak vert gjennomførte, og følgjeleg oppnår samfunnet ein større trafikktryggingsgevinst. Vi har ikkje motteke tilbakemeldingar frå kommunane om at 60 % kontra 75 % tilskot har medført at tiltak ikkje vert gjennomført.

Det er også kommunar som har søkt anna/lågare tilskotsandel.

I tilrådinga til tilskot er det i hovudsak lagt følgjande til grunn med omsyn til tilskotsandel:

- Planlegging av tiltak og bygging av veglysanlegg: 60 %
- Fysiske tiltak som utbetring av skuleområder/fortau, gang- og sykkelvegar/fartsdempande tiltak: 75 %

4 Vurdering av innkomne søknader

Askvoll kommune:

Tiltak: Bygging av veglysanlegg langs fv.609 strekning Gjeldsvik – Gjeldsvik skule.

(Ca 1 km strekning/veglysanlegg)

- Kostnadsoverslag: kr 1 150 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 862 500.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 1: kr. 0.-

Kommentar:

Statens vegvesen - Håndbok N100 og V124:

I Statens vegvesen si handbok N100 og V124 går det fram at:
 «Veg og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har ett hovedmål: *Trafikksikkerhet*. Det settes opp belysning for at det skal bli færre ulykker som skyldes vanskelige synsforhold på den mørke tiden av døgnet. Framfor alt ønsker man å beskytte fotgjengere og syklister, som ofte påføres store personskader ved ulykker. Erfaringer og statistiske undersøkelser visert at god belysning reduserer faren for slike ulykker vesentlig.»

I trafikksikkerheitshandboka går det fram at vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker vert redusert med om lag 60 %, og at alle typar personskadeulukker vert redusert med 14 %. Sjå vedlegg 1, note 1.

Vurdering:

Eit veglysanlegg vil truleg ikkje medføra at skuleskyssordninga kan opphøyra. (Men søknaden seier ikkje noko om dette.) Årsdøgntrafikken (ÅDT) er om lag 450. Vegbreidde 3,5- 4,0 m.

Askvoll kommune har motteke mykje tilskot siste åra. Omsøkte tiltak er dyrt og løvvinga er avgrensa. Fylkesdirektøren tilrår avslag om tilskot.

Aurland kommune:

Tiltak: Oppsetjing av rekkverk Turlidvegen – privat veg

- Kostnadsoverslag: kr. 375 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 281 250.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 1: kr. 0.-

Kommentar:

I trafikksikkerheitshandboka går det fram at stålvegrekkverk medfører følgjande prosentvis endring av sannsynligheten for å bli drepen eller skada dersom ein er innblanda i ulukke:

Drepen: Omlag 43 % nedgang. Skadd: Om lag 48 % nedgang. Men det er stor usikkerheit knytt til tala. Sjå vedlegg 1, NOTE 3.

Vurdering:

Etter gjeldande instruks skal TIK-midlar i all hovudsak nyttast på kommunale og fylkeskommunale vegar. Unntaksvis til tiltak på riksveg. Turlidvegen er privat veg. Tilskot til tiltak på privat veg er ikkje nemnd i instruksen.

Rekkverk er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1 Delmål:

«Sikre vegnettet i Sogn og Fjordane mot alvorlege utforkyringsulukker med auka satsing på utbygging/utskifting av rekkverk og sikring av sideterreng.»

Vi har fått opplyst at det i inneverande skuleår er ein elev (som går i 9. klasse) som har Turlidvegen som skuleveg.

Tiltaket med rekkverk på Turlidvegen er i liten grad spissa inn mot skuleveg og miljøet der born ferdest. Instruksen for tildeling av TIK-midlar er uklar på om privat veg er omfatta av tilskotsordninga. Fylkesdirektøren tilrår avslag om tilskot.

Bremanger kommune:**Tiltak: Planlegging og prosjektering gangbru Riseelva, - kommunal veg.**

- Kostnadsoverslag: kr. 300 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 225 000.- (75 %)
- Framlegg til tildeling tilskot: kr. 180 000.- (60 %)

Vurdering:

Tiltaket er i samsvar med Regional transportplan pkt. 6.1 Delmål, pkt. 6.5:

«Gang- og sykkelvegar langs skulevegane er viktige for barna sin trafikktryggleik. Det vil også koma resten av befolkninga til gode. Tryggleiken til barna både i og utanfor transportmidla er viktige omsyn å ta i trafikktryggingsarbeidet.»

Bygging av gangbru betyr at gåande og syklande kan ferdast på eiga bru over elva. Etter instruksen kan TIK-midlane også nyttast til planlegging av tiltak. Fylkesdirektøren tilrår tilskot til planlegging og legg til grunn at dette fører til realisering i neste omgang.

Eid kommune:**Tiltak: Trafikktrygging bussshaldeplass Stårheim skule (fysisk tiltak) – kommunal veg.**

(Utviding veg, bussventeskur, skilting, oppmerking fotgjengarovergangar, tilrettelegging veglys.)

- Kostnadsoverslag: kr. 491 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 369 000.- (75 %)
- Framlegg til tildeling tilskot: kr. 368 000.- (75 %)

Kommentar:

Statens vegvesen - Håndbok N100 og V124:

I Statens vegvesen si handbok N100 og V124 går det fram at:
 «Veg og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har ett hovedmål: *Trafiksikkerhet*. Det settes opp belysning for at det skal bli færre ulykker som skyldes vanskelige synsforhold på den mørke tiden av døgnet. Framfor alt ønsker man å beskytte fotgjengere og syklister, som ofte påføres store personskader ved ulykker. Erfaringer og statistiske undersøkelser visert at god belysning reduserer faren for slike ulykker vesentlig.»

I trafiksikkerheitshandboka går det fram at vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker vert redusert med om lag 60 %, og at alle typar personskadeulukker vert redusert med 14 %. Sjå vedlegg 1, note 1.

Dei andre tiltaka så som utviding veg, bussventeskur, skilting og oppmerking fotgjengarovergangar er det vanskeleg for oss å vurdera trafikktryggingseffekten av.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Fjaler kommune:**Tiltak 1: Planlegging og prosjektering trafikkareal Våge skule og barnehage – kommunal veg**

- Kostnadsoverslag: kr. 275 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 205 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 1: kr. 165 000.- (60 %)

Kommentar:

Å legge til rette for gode trafikkløysingar for alle brukargruppene ved skulane, er viktig trafikktryggingsarbeid. Skuleområdet er ein del av skulevegen, og tiltaket må såleis kunna seiast å vera i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1 Delmål:

Pkt. 6.5 Barn og unge sine behov

«Gang- og sykkelvegar langs skulevegane er viktige for barna sin trafikktryggleik. Det vil også koma resten av befolkninga til gode. Tryggleiken til barna både i og utanfor transportmidla er viktige omsyn å ta i trafikktryggingsarbeidet.»

Etter instruksen kan TIK-midlane også nyttast til planlegging av tiltak. Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Tiltak 2: Planlegging og prosjektering trafikkareal nye Dingemoen skule – kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 325 000.-
- søknadssum tilskot: kr. 240 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 2: kr. 195 000. - (60 %)

Kommentar:

Arbeid med å legge til rette for gode trafikkløysingar for alle brukargruppene ved skulane, er viktig trafikktryggingstiltak. Skuleområdet er ein del av skulevegen, og tiltaket må såleis kunna seiast å vera i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1 Delmål:

Pkt. 6.5 Barn og unge sine behov

«Gang- og sykkelvegar langs skulevegane er viktige for barna sin trafikktryggleik. Det vil også koma resten av befolkninga til gode. Tryggleiken til barna både i og utanfor transportmidla er viktige omsyn å ta i trafikktryggingsarbeidet.»

Etter Instruksen kan TIK-midlane også nyttast til planlegging av tiltak. Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Tiltak 3: Bygging fortau frå Internat til matsal UWC Haugland – kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 300 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 200 000.- (67 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 3: kr. 0. -

Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.5: Barn og unge sine behov
 «Gang- og sykkelvegar langs skulevegane er viktige for barna sin trafikktryggleik. Det vil også koma resten av befolkninga til gode. Tryggleiken til barna både i og utanfor transportmidla er viktige omsyn å ta i trafikktryggingsarbeidet.»

Fylkesdirektøren tilrår avslag.

**Tiltak 4: Bygge veglysanlegg frå Fjaler Ungdomskule til Dale vidaregåande skule/
 Fjalerhallen – kommunal veg**

- Kostnadsoverslag: kr. 377 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 280 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 4: kr. 0. -

Kommentar:

Statens vegvesen - Håndbok N100 og V124:

I Statens vegvesen si handbok N100 og V124 går det fram at:
 «Veg og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har ett hovedmål: *Trafiksikkerhet*. Det settes opp belysning for at det skal bli færre ulykker som skyldes vanskelige synsforhold på den mørke tiden av døgnet. Framfor alt ønsker man å beskytte fotgjengere og syklister, som ofte påføres store personskader ved ulykker. Erfaringer og statistiske undersøkelser visert at god belysning reduserer farene for slike ulykker vesentlig.»

I trafikksikkerheitshandboka går det fram at vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker vert redusert med om lag 60 %, og at alle typar personskadeulukker vert redusert med 14 %. Sjå vedlegg 1, note 1.

Fylkesdirektøren tilrår avslag.

Flora kommune:

Tiltak 1: Bygging intensivbelysning Nybøvegen/Krokavegen – kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 182 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 136 500.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 1: kr. 109 000. - (60 %)

Kommentar:

Statens vegvesen - Håndbok N100 og V124:

I Statens vegvesen si handbok N100 og V124 går det fram at:

«Veg og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har ett hovedmål: *Trafiksikkerhet*. Det settes opp belysning for at det skal bli færre ulykker som skyldes vanskelige synsforhold på den mørke tiden av døgnet. Framfor alt ønsker man å beskytte fotgjengere og syklister, som ofte påføres store personskader ved ulykker. Erfaringer og statistiske undersøkelser visert at god belysning reduserer faren for slike ulykker vesentlig.»

I trafiksikkerheitshandboka går det fram at vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker vert redusert med om lag 60 %, og at alle typar personskadeulukker vert redusert med 14 %. Sjå vedlegg 1, note 1.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Tiltak 2: Bygging intensivbelysning/opphogde gangfelt Vangsvegen/ E.M.Holevegen – kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 388 250.-
- Søknadssum tilskot: kr. 291 188.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 2: kr. 233 000.- (60 %)

Kommentar:**Statens vegvesen - Håndbok N100 og V124:**

I Statens vegvesen si handbok N100 og V124 går det fram at:

«Veg og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har ett hovedmål: *Trafiksikkerhet*. Det settes opp belysning for at det skal bli færre ulykker som skyldes vanskelige synsforhold på den mørke tiden av døgnet. Framfor alt ønsker man å beskytte fotgjengere og syklister, som ofte påføres store personskader ved ulykker. Erfaringer og statistiske undersøkelser visert at god belysning reduserer faren for slike ulykker vesentlig.»

I trafiksikkerheitshandboka går det fram at vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker vert redusert med om lag 60 %, og at alle typar personskadeulukker vert redusert med 14 %. Sjå vedlegg 1, note 1.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Tiltak 3: Bygging veglysanlegg ny gangveg Sjukehuset - kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 342 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 256 500.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 3: kr. 0.-

Kommentar:

Tiltaket gjeld bygging av veglysanlegg på gang-/sykkelveg inne på lukka sjukehusområde. Tiltaket har truleg liten effekt på trafikktryggleiken, - i alle fall med tanke på alvorlege ulukker (0-visjon).

Fylkesdirektøren tilrår avslag om tilskot.

Førde kommune:**Tiltak 1: Flatane skule – forlenging av avleveringsfelt - kommunal veg**

(Forlenge biloppstillingsfelt som føresette kan nytte ved henting/levering av born.)

- Kostnadsoverslag: kr. 400 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 200 000.- (50 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 1: kr. 200 000.- (50 %)

Kommentar:

Tiltaket er delvis i tråd med *Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging* pkt. 7.1.2:

«Skape eit bilfritt miljø rundt grunnskular i fylket gjennom tiltaket: « HJERTESONER , tryggare skuleveg» (Hjartesone er prosjekt som bidreg til mindre trafikk rundt skulen. Born som køyrast sleppast av på bestemte stopp- og hentestader utanfor «Hjartesona»).

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Tiltak 2: Flatane skule – langtidsparkering - kommunal veg

(Etablere langtidsparkering for 5 bilar lenger vekke fra avleveringsområdet, for å frigjøre parkeringsplassar for føresette til avlevering av born.)

- Kostnadsoverslag: kr. 160 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 80 000.- (50 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 2: kr. 0.-

Kommentar:

Bygging av langtidsparkeringsplassar er lite spissa mot skuleveg og miljøet der born ferdast.

Fylkesdirektøren tilrår avslag om tilskot.

Tiltak 3: Vieåsen sør – busstopp i veg - kommunal veg

(Etablere busstopp – stopp i veg – med heva platting for avstigande passasjer.)

- Kostnadsoverslag: kr. 240 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 120 000.- (50 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 3: kr. 120 000.- (50 %)

Kommentar:

Tiltaket vil gje meir ordna og tryggare forhold ved kollektivskyss. Færre passasjerar har behov for å krysse hovudveg, noko som gir auka trafikktryggleik. Tiltaket vil koma både born og resten av befolkninga til gode.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Gaular kommune:

Tiltak: Oppsetjing av rekkverk ved Brekka - kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 99 500.-
- Søknadssum tilskot: kr. 74 650.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 75 000.- (75 %)

Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1 Delmål: Pkt. 6.3.2 Fysiske trafikktryggings-tiltak:

«Oppsetjing av rekkverk etter dagens normalkrav langs fylkesvegar.»

I trafikksikkerheitshandboka går det fram at ståivegrekkverk medfører følgjande prosentvis endring av moglegheitene for å bli drepen eller skada dersom ein er innblanda i ulukke:

Drepen: Omlag 43 % nedgang. Skadd: Om lag 48 % nedgang. Men det er stor usikkerheit knytt til tala. Sjå vedlegg 1, NOTE 3.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Gloppen kommune:

Tiltak 1: Bygging veglysanlegg ved Hjelle i Breim - kommunal veg

(Etablering av veglys for å gjøre det tryggare for born som ventar på skuleskyssen. Bussen snur i området.)

- Kostnadsoverslag: kr. 30 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 22 000.- (73 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 1: kr. 18 000.- (60 %)

Kommentar:

I Statens vegvesen si handbok N100 og V124 går det fram at:

«Veg og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoene i mørke. Veg og gatebelysning har ett hovedmål: *Trafikksikkerhet*. Det settes opp belysning for at det skal bli færre ulykker som skyldes vanskelige synsforhold på den mørke tiden av døgnet. Framfor alt ønsker man å beskytte fotgjengere og syklister, som ofte påføres store personskader ved ulykker. Erfaringer og statistiske undersøkelser visert at god belysning reduserer faren for slike ulykker vesentlig.»

I trafikksikkerheitshandboka går det fram at vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker vert redusert med om lag 60 %, og at alle typar personskadeulukker vert redusert med 14 %. Sjå vedlegg 1, note 1.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Tiltak 2: Bygging veglysanlegg og skilting Nordstranda skule - kommunal veg.

(Etablering av veglys og skilting ved innkøyrslle/parkering Nordstranda skule)

- Kostnadsoverslag: kr. 120 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 90 000.- (73 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 2: kr. 72 000.- (60 %)

Kommentar:

I Statens vegvesen si handbok N100 og V124 går det fram at:

«Veg og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har ett hovedmål: *Trafiksikkerhet*. Det settes opp belysning for at det skal bli færre ulykker som skyldes vanskelige synsforhold på den mørke tiden av døgnet. Framfor alt ønsker man å beskytte fotgjengere og syklister, som ofte påføres store personskader ved ulykker. Erfaringer og statistiske undersøkelser visert at god belysning reduserer faren for slike ulykker vesentlig.»

I trafikksikkerheitshandboka går det fram at vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker vert redusert med om lag 60 %, og at alle typar personskadeulukker vert redusert med 14 %. Sjå vedlegg 1, note 1.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Tiltak 3: Bygging veglysanlegg Hope - kommunal veg

(Etablering av veglys for å gjøre skuleveg tryggare.)

- Kostnadsoverslag: kr. 370 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 280 000.- (76 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 3: kr. 222 000.- (60 %)

Kommentar:

I Statens vegvesen si handbok N100 og V124 går det fram at:

«Veg og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har ett hovedmål: *Trafiksikkerhet*. Det settes opp belysning for at det skal bli færre ulykker som skyldes vanskelige synsforhold på den mørke tiden av døgnet. Framfor alt ønsker man å beskytte fotgjengere og syklister, som ofte påføres store personskader ved ulykker. Erfaringer og statistiske undersøkelser visert at god belysning reduserer faren for slike ulykker vesentlig.»

I trafikksikkerheitshandboka går det fram at vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker vert redusert med om lag 60 %, og at alle typar personskadeulukker vert redusert med 14 %. Sjå vedlegg 1, note 1.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Gulen kommune:

Tiltak: Bygging gang-/sykkelveg langs kommunal veg krysset fv. 57 og krysset Lihaug.

(Lengde om lag 250 m. Nytt fortau med breidde 2 m.)

- Kostnadsoverslag: kr. 654 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 490 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 0.-

Kommentar:

Bygging av gang- og sykkelveg er gode tiltak som er i tråd med både regional transportplan og instruksen. Tiltaket det er søkt om tilskot til krev reguleringsplan. Dette manglar. Det er truleg ikkje realistisk at kommunen greier både å regulere og bygge gang/sykkelvegen i 2018, og såleis kunne gjere seg nytte av eit eventuelt tilskot i 2018. Fylkesdirektøren vil oppmøde kommunen om å regulere og søkje på nytt seinare.

Fylkesdirektøren tilrår avslag om tilskot.

Hornindal kommune:

Tiltak 1: Fjerning av sikthindring Jutedalsvegen - kryss rv. 15 - kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 384 400.-
- Søknadssum tilskot: kr. 288 300.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 1: kr. _____ 0.-

Kommentar:

Tiltaket er lite spissa mot skuleveg og miljøet der born ferdast.

Fylkesdirektøren tilrår avslag om tilskot.

Tiltak 2: Oppsetjing rekverk langs delar av Lidavegen - kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 59 020.-
- Søknadssum tilskot: kr. 44 265.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 2: kr. 44 000.-

Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1 Delmål:

«Sikre vegnettet i Sogn og Fjordane mot alvorlege utforkøringsulukker med auka satsing på utbygging/utskifting av rekverk og sikring av sideterreng.»

I trafikksikkerheitshandboka går det fram at ståivegrekkverk medfører følgjande prosentvis endring av moglegitene for å bli drepen eller skada dersom ein er innblanda i ulukke:

Drepen: Omlag 43 % nedgang. Skadd: Om lag 48 % nedgang. Men det er stor usikkerheit knytt til tala. Sjå vedlegg 1, NOTE 3.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Høyanger kommune:

Tiltak: Vadheim sentrum; Belysning, gatemøbelering, fortau, opparbeiding P-plassar, opparbeiding vegtrase, skilt, m.m. Fylkesveg og kommunal veg.

Søknaden omfattar følgjande tiltak:

1. Miljøgate langs fv. 55

- Senke fartsgrensa
- Belyse vegbana
- Heve og «møbler» eksisterande fortauet (sikringstiltak), samt forlenge fortauet forbi bedehushagen.
- Organisere trafikkavviklinga slik at ein betrar oversikten for mjuke og harde trafikkantar

2. St. Helenas plass

- Organisere og opparbeide området med definerte areal for gåande, køyrande, parkering og grøne område.
- Belysning

3. Bedehuset

- Opparbeiding av fortau
- Opparbeiding av parkeringsplassar
- Opparbeiding av vegtrase
- Flytting av skilt

- Kostnadsoverslag: kr. 3 472 932.-
- Søknadssum tilskot: kr. 1 750 000.- (50 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 1: kr. _____ 0.-

Kommentar:

Miljøgate langs fv. 55:

Om fartsgrensa skal senkast så er dette ei sak Statens vegvesen må avgjere. Også merking og skilting av eventuelle nye gangfelt vil vera vegvesenet sitt ansvar. Det er alt etablert veglysanlegg på strekninga. Å oppgradere dette kan vera eit godt tiltak. Også å etablere fortau på attståande delstrekningar på begge sider av vegen kan vera godt trafikktryggingstiltak.

St. Helenas plass:

Tiltaket ser ut til å vera lite spissa mot trafikktrygging, - heller eit miljøretta tiltak (Miljøgate, torg, m.m.). Tiltaket sin trafikktryggingseffekt er usikker.

Bedehuset:

Flytting av skilt på fv. 55 vil vera Statens vegvesen sitt ansvar. Bygging av fortau på nokre delstrekningar som i dag manglar fortau (omlag 20-30 m) på fv. 55 vil vera eit godt trafikktryggingstiltak. Dette som ei forlenging av fortau under punkt 1.

Andre tiltak ser ut til å vera lite spissa mot trafikktrygging.

Høyanger kommune skriv følgjande i søknaden sin:

«Bir det gitt tilsegn om ein lågare sum enn søkt om vil prosjektet bli justert og gjennomført med tilgjengelege midlar.»

Fylkesdirektøren tilrår avslag om tilskot.

Jølster kommune:**Tiltak 1: Tilkomst og trafikkavvikling ved Vassenden skule (fysiske tiltak) – kommunal veg.**

(Ombygging av hente- og bringeløkke. Utviding av av- og påstigningslomme langs tilkomstveg.)

- Kostnadsoverslag: kr. 3 000 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 2 250 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 1: kr. 0.-

Kommentar:

Tiltaket er i tråd med *Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging* pkt. 7.1.2:

«Skape eit bilfritt miljø rundt grunnskular i fylket gjennom tiltaket: « HJERTESONER , tryggare skuleveg». Dette er dyrt tiltak. Løyvinga er avgrensa. Jølster kommune har motteke mykje tilskot siste åra.

Fylkesdirektøren tilrår avslag om tilskot.

Tiltak 2: Tilkomst og trafikkavvikling ved Skei skule (fysiske tiltak) - kommunal veg.

(Flytte hente- og bringeløkke slik at borna kan nytte gangbrua, hindre (uønska) snarvegar til busshaldeplassen, fortau, markeringar, gjerde.)

- Kostnadsoverslag: kr. 500 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 375 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 2: kr. 375 000.- (60 %)

Kommentar:

Tiltaket er i tråd med *Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging* pkt. 7.1.2:

«Skape eit bilfritt miljø rundt grunnskular i fylket gjennom tiltaket: « HJERTESONER , tryggare skuleveg».

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Luster kommune:**Tiltak: Etablere overbygde sykkelskur ved Gaupne skule – kommunal veg.**

(Setja opp overbygde sykkelskur for å rydde opp i forholda. Tre sykkelskur vil gje plass til 60 syklar.)

- Kostnadsoverslag: kr. 450 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 270 000.- (60 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 270 000.-

Kommentar:

Viser til gå- og sykkelstrategien i Regional transportplan 2018-2027:

«80 prosent av born og unge går eller syklar til skulen.»

Tiltaket vil truleg kunne bidrag til at fleire, både elevar og tilsette syklar til skulen, i staden for skyss. Og slik sett er tiltaket i tråd med nasjonal sykkelstrategi.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Lærdal kommune:

Tiltak 1: Etablere fartsdempande tiltak Hanseskogen bustadfelt - kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 160 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 150 000.- (93 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 1: kr. 120 000.- (60 %)

Kommentar:

Det er ein klar samanheng mellom fart og tal ulukker, og ikkje minst graden av kor alvorleg ulukkene er. Å redusere fartsnivået ved gangfelt og andre kryssingsstader er difor det viktigaste tiltaket for å oppnå lågare risiko og skadegrad for gåande.

I følgje trafikksikkerheitshandboka fører fartshumpar til om lag 50 % reduksjon i tal ulukker med personskade. Jf. vedlegg 1, NOTE 5.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Tiltak 2: Etablere fartsdempande tiltak Saltkjelen bustadfelt - kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 60 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 56 250.- (94 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 2: kr. 45 000.- (60 %)

Kommentar:

Det er ein klar samanheng mellom fart og tal ulukker, og ikkje minst graden av kor alvorleg ulukkene er. Å redusere fartsnivået ved gangfelt og andre kryssingsstader er difor det viktigaste tiltaket for å oppnå lågare risiko og skadegrad for gåande.

I følgje trafikksikkerheitshandboka fører fartshumpar til om lag 50 % reduksjon i tal ulukker med personskade. Jf. vedlegg 1, NOTE 5.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Tiltak 3: Utarbeiding av ny kommunedelplan Trafikktrygging, eigeninnsats – alle vegar

- Kostnadsoverslag: kr. 39 200.-
- Søknadssum tilskot: kr. 36 750.- (94 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 3: kr. 29 000.- (60 %)

Kommentar:

Etter Instruksen kan TIK-midlar nyttast til planlegging av tiltak. Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Selje kommune:

Tiltak 1: Bygging gang-/sykkelveg/fortau langs fv. 618 - kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 800 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 600 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 1: kr. 0.-

Kommentar:

Tiltaket det er søkt om tilskot til krev reguleringsplan. Dette manglar. Det er truleg ikkje realistisk at kommunen greier både å regulere og bygge gang/sykkelvegen i 2018, og såleis kunne gjere seg nytte av eit eventuelt tilskot i 2018. Fylkesdirektøren vil oppmøde kommunen om å regulere og søkje på nytte seinare.

Fylkesdirektøren tilrår avslag om tilskot.

Tiltak 2: Bygging gangveg mellom byggefelta Djupedalen og Legane - kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 250 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 187 500.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 2: kr. 188 000.- (75 %)

Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1 Delmål: Pkt. 6.5 Barn og unge sine behov:

«Gang- og sykkelvegar langs skulevegane er viktige for barna sin trafikktryggleik. Det vil også koma resten av befolkninga til gode. Tryggleiken til barna både i og utanfor transportmidla er viktige omsyn å ta i trafikktryggingsarbeidet.» Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Tiltak 3: Bygging gang- og sykkelveg langs fylkesveg 620 – kommunal veg. (Om lag 300 m veg)

- Kostnadsoverslag: kr. 950 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 712 500.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 3: kr. 0.-

Kommentar:

Tiltaket det er søkt om tilskot til krev reguleringsplan. Dette manglar. Det er truleg ikkje realistisk at kommunen greier både å regulere og bygge gang/sykkelvegen i 2018, og såleis kunne gjere seg nytte av eit eventuelt tilskot i 2018. Fylkesdirektøren vil oppmøde kommunen om å regulere og søkje på nytteinare.

Fylkesdirektøren tilrår avslag om tilskot.

Sogndal kommune:

Tiltak: Bygging fortau langs Leitevegen - kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 1 170 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 877 500.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 877 000.- (75 %)

Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1 Delmål: Pkt. 6.5 Barn og unge sine behov: «Gang- og sykkelvegar langs skulevegane er viktige for barna sin trafikktryggleik. Det vil også koma resten av befolkninga til gode. Tryggleiken til barna både i og utanfor transportmidla er viktige omsyn å ta i trafikktryggingsarbeidet.»

Pkt. 6.5.2: Tiltak:

«Legge til rette for at 8 av 10 barn og unge som ikkje har rett på skuleskyss har eit trygt og godt transportsystem.» (Punktet ligg inne i Handlingsprogrammet 2018-2021; Tiltak 6.5.2)

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Solund kommune:

Tiltak 1: Bygging veglysanlegg Hjørnnevågane – fylkesveg og kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 206 100.-
- Søknadssum tilskot: kr. 154 575.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 1: kr. 124 000.- (60 %)

Kommentar:

I Statens vegvesen si handbok N100 og V124 går det fram at:
«Veg og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har ett hovedmål: *Trafiksikkerhet*. Det settes opp belysning for at det skal bli færre ulykker som skyldes vanskelige synsforhold på den mørke tiden av døgnet. Framfor alt ønsker man å beskytte fotgjengere og syklister, som ofte påføres store personskader ved ulykker. Erfaringer og statistiske undersøkelser visert at god belysning reduserer faren for slike ulykker vesentlig.»

I trafikksikkerheitshandboka går det fram at vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker vert redusert med om lag 60 %, og at alle typar personskadeulukker vert redusert med 14 %. Sjå vedlegg 1, note 1.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Tiltak 2: Bygging veglysanlegg Nessa – fylkesveg

- Kostnadsoverslag: kr. 88 500.-
- Søknadssum tilskot: kr. 58 700.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 2: kr. 53 000.- (60 %)

Kommentar:

I Statens vegvesen si handbok N100 og V124 går det fram at:

«Veg og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har ett hovedmål: *Trafiksikkerhet*. Det settes opp belysning for at det skal bli færre ulykker som skyldes vanskelige synsforhold på den mørke tiden av døgnet. Framfor alt ønsker man å beskytte fotgjengere og syklister, som ofte påføres store personskader ved ulykker. Erfaringer og statistiske undersøkelser visert at god belysning reduserer faren for slike ulykker vesentlig.»

I trafikksikkerheitshandboka går det fram at vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker vert redusert med om lag 60 %, og at alle typar personskadeulukker vert redusert med 14 %. Sjå vedlegg 1, note 1.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Tiltak 3: Bygging veglysanelegg Hardbakke – fylkesveg og kommunal veg

- Kostnadsoverslag: kr. 109 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 81 750.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak 3: kr. 65 000.- (60 %)

Kommentar:

I Statens vegvesen si handbok N100 og V124 går det fram at:

«Veg og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har ett hovedmål: *Trafiksikkerhet*. Det settes opp belysning for at det skal bli færre ulykker som skyldes vanskelige synsforhold på den mørke tiden av døgnet. Framfor alt ønsker man å beskytte fotgjengere og syklister, som ofte påføres store personskader ved ulykker. Erfaringer og statistiske undersøkelser visert at god belysning reduserer faren for slike ulykker vesentlig.»

I trafikksikkerheitshandboka går det fram at vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker vert redusert med om lag 60 %, og at alle typar personskadeulukker vert redusert med 14 %. Sjå vedlegg 1, note 1.

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

Vågsøy kommune:**Tiltak: Bygge gangveg mellom gate 1 og Vågsøy ungdomsskule – kommunal veg**

- Kostnadsoverslag: kr. 1 800 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 800 000.- (44 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 753 000.- (42 %)

Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1 Delmål: Pkt. 6.5 Barn og unge sine behov: «Gang- og sykkelvegar langs skulevegane er viktige for barna sin trafikktryggleik. Det vil også koma resten av befolkninga til gode. Tryggleiken til barna både i og utanfor transportmidla er viktige omsyn å ta i trafikktryggingsarbeidet.»

Pkt. 6.5.2: Tiltak:

«Legge til rette for at 8 av 10 barn og unge som ikkje har rett på skuleskyss har eit trygt og godt transportsystem.» (Punktet ligg inne i Handlingsprogrammet 2018-2021; Tiltak 6.5.2)

Løvvinga på kr. 720 000.- i 2017 vart ikkje utbetalt då tiltaket ikkje vart utført. Kommunen søker på nytt til same tiltak i 2018. Tiltaket vil bidra til å skilja mjuke trafikantar frå biltrafikken.

Vågsøy kommune skriv følgjande om dette:

«Arbeidet med ekstern prosjektering ble startet våren 2017, men prosjekterende meddelte dessverre like før ferien (juni) at han ikkje kunne videreføre prosjektet. Dermed mistet kommunen verdifull tid med at ny prosjekterende måtte på plass. Dette arbeidet kom ikkje i gang før begynnelsen av september, Ivest Consult er engasjert og er kommet godt i gang med arbeidet. Stopp i prosjektering har med dette medført at kommunen ikkje fikk brukt tildelte midler i 2017. Foreløpig tegninger legges ved søknaden. I kommunens trafikksikring plan er dette et av de punktene som er med.»

Fylkesdirektøren tilrår tilskot.

5 Oppstilling søknadsbeløp, m.m.:

| | |
|--|------------------|
| Sum søknadsbeløp totalt: | kr. 12 046 741.- |
| Sum framlegg til tilskot: | kr. 4 900 000.- |
| Disponible midlar FTU til Trafikksikker kommune: | kr. 100 000.- |
| Sum tilrådd tildeling: | kr. 5 000 000.- |
| Disponibel løying TIK 2018: | kr. 5 000 000.- |

6 Konklusjon/tilråding

Fylkesdirektøren tilrår følgjande tildeling av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane (TIK-midlar) for 2018:

| Kommune | Søknadsbeløp | Tilrådd tilskot |
|---|--|------------------|
| Askvoll kommune | 862 500 | 0 |
| Aurland kommune | 281 250 | 0 |
| Balestrand kommune | Ingen søknad | Ingen søknad |
| Bremanger kommune | 225 000 | 180 000 |
| Eid kommune | 369 000 | 368 000 |
| Fjaler kommune | 925 000 | 360 000 |
| Flora kommune | 684 188 | 342 000 |
| Førde kommune | 400 000 | 320 000 |
| Gauldal kommune | 74 650 | 75 000 |
| Gloppe kommune | 392 000 | 312 000 |
| Gulen kommune | 490 000 | 0 |
| Hornindal kommune | 332 565 | 44 000 |
| Hyllestad kommune | Ingen søknad | Ingen søknad |
| Høyanger kommune | 1 750 000 | 0 |
| Jølster kommune | 2 625 000 | 375 000 |
| Leikanger kommune | Ingen søknad | Ingen søknad |
| Luster kommune | 270 000 | 270 000 |
| Lærdal kommune | 243 000 | 194 000 |
| Naustdal kommune | Ingen søknad | Ingen søknad |
| Selje kommune | 1 500 000 | 188 000 |
| Sogndal kommune | 877 500 | 877 000 |
| Solund kommune | 295 025 | 242 000 |
| Stryn kommune | Ingen søknad | Ingen søknad |
| Vik kommune | Ingen søknad | Ingen søknad |
| Vågsøy kommune | 800 000 | 753 000 |
| Årdal kommune | Ingen søknad | Ingen søknad |
| FTU – disponible midlar «Trafikksikker kommune» | Fylkeskommunal handlings- plan trafikktrygging | 100 000 |
| SUM (kr) | 13 396 678 | 5 000 000 |

Tilskota vert tildelt på følgjande vilkår:

Tiltak som får løying av Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar 2018, skal ferdigmeldast seinast 30. november 2018. Midlar som ikkje er nytta innan fristen, går attende til fylkeskommunen. Jf. pkt. 6 e) i «Instruks for forvaltning av tilskot til Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar».

FTU – disponible midlar «Trafikksikker kommune» kr. 100 000.- skal primært nyttast til støtte til kommunar i prosessen mot «Trafikksikker kommune». Alternativt kan pengane nyttast til trafikktryggingstiltak på fylkesveg, så som bygging av fartshumper, veglys, m.m.